

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2022

Årsmeldinga vart lagt fram og godkjent på årsmøtet 30.03.2023.

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kantor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølve undervisningsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på ca 330 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreiff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2022

Korarbeidet Solstråla er fleksibelt og vert til ei kvar tid lagt opp etter kva arbeidsressurs ein har tilgjengeleg i kombinasjon med kva barnekull ein har i målgruppa.

Solstråla hadde dette året øving tysdagar for aldersgruppa 6-10år, 11 songarar var aktive i vårsemesteret, aldersgruppa var 2-4.kl. Haustsemesteret byrja Solstråla 6 songarar i alderen 2-4.kl., då 5kl. ikkje vart med vidare etter sommarferien. Utover hausten fann førsteklasingane også ut at dei ville vere med. Så ved juletider var vi igjen 10 songarar i alderen 1-4.klasse. Dei to som byrja seinast, rakk berre ei øving før Juleroserkonserten. 15 born betalte kontingent til Solstråla for 2022.

Solstråla hadde i bank pr.31.12, kr. 41426,23

Året starta med øving 11.januar. Tysdag 1.februar måtte vi igjen avlyse ei øving grunna korona og smittevernsrestriksjonar. Søndag 20.februar song vi på Tårnagent-gudstenesta i Jondal kyrkje. Så song vi på Kulturskulens vinterkonsert 17.mars på Jonsvoll. Konserten var i staden for avlyst julekonsert i 2021. 27.mars song vi på Maria Bodskapsdag i Jondal kyrkje. Med krigen i Ukraina som eit veldig trist bakteppe, var det naturleg for Solstråla å synge «Syng en sang for freden». Etter påske hadde kulturskulen ein stor felleskonsert med Unge riter og Solstråla hadde difor oppstart etter påske rett i kyrkjespelveka, der vi øvde i kyrkja tysdagen og song på Kyrkjespelet som no kunne arrangerast på våren igjen, 28.april. Solstråla song på 17.mai-gudstenesta, og så avslutta dei semesteret med ei songstund på Vikevollen 9.juni, før dei reiste vidare opp til Kvåle og hadde korovernatting hjå Anne Karin og Ivar og med sommarkonsert i Hardanger Kulturgalleri 14.juni og stopp i Herand på veg heim. Første opptreden på hausten var for storstaben i Ullensvang kyrkjelege fellesråd 20.september. Og 2.oktober song dei på Hausttakkefesten, 6.oktober hadde dei songstund på Vikevollen. Og tysdag 25.oktober flytta vi inn i dei nye kulturskulelokala og hadde vår første øving på det lydsvake rommet/ amfisalen. 15.november var avisa Hordaland Folkeblad innom for å ta bilete av koret og lage Juleroserartikkel. 27.november var dei med på Ljosmessa, 5.desember på kulturskulens julekonsert i Amfisalen og 8.desember på kulturskulens minikonsert på Vikevollen. 8.desember hadde dei også juleverkstad, fjøsbesøk og korovernatting på Kvåle hjå Anne Karin og Ivar. Så vart det endeleg Juleroserkonsert med tidlegare solstråle Herborg Kråkevik i Jondal kyrkje 14.desember. Denne konserten vart utsett både i 2020 og i 2021 på Solstråla 30/3-2023 v/Anne Karin Stormyr, leiar

ÅRSMELDING FOR SOLSTRÅLA, kalenderåret 2022

Årsmeldinga vart lagt fram og godkjent på årsmøtet 30.03.2023.

grunn av korona. Og semesteravslutning vart juleaftagudstenesta i Jondal kyrkje 24.desember kl.14.

Solstråla hadde 31 øvingsdagar. Solstråla var lokal arrangør av 2 songstunder åleine, og deltok på heile 15 arrangement inklusiv 3 institusjonsbesøk og 2 korovernattingsturar i 2022.

Sidan det ikkje vart årsmøte for år 2022, held styret frå 2021 fram som styre også for 2022:

Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2021-2022)	styremedlem,
Kristine Utheim Gangdal (2021-2022)	styremedlem,
Åse Marit Jørgensen (2020-2021)	representant frå soknerådet, eit ekstra år
Hilde Eide (2020-2021)	eit ekstra år
1.vara: Hildegunn Samland (2021)	
2.vara: Siv Mælen (2021)	

Revisor: Magnar Sollesnes (2021)

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2022. Arrangementsliste med repertoaroversikt for Solstråla blir lagt ved i protokollen.